

Klimasnukonferansen 2023

Oppsummering gruppearbeid 14. november 2023

Oppgåve:

Korleis kan klimanorm for Bergen tilpassast din kommune?

(Lenke til klimanorm for Bergen: [Bergen kommune - Klimanorm Bergen](#))

Svar:

1. Kva kan innarbeidast i dei ulike kommunane?

- Opplegget frå Bergen er systematisk og enkelt å bruke. Metoden kan tilpassast til eit handterleg nivå.
- Må ha eit føremål – forenkling – ikkje auka saksbehandlingstid
- Kurse utbyggjarar. Må vere forutsigbart for utbyggjar når ein leverer inn byggesøknad. Bruk og eksempel vil gje innsikt.
- Det vil vere lurt å få ein standard som er lik for alle kommunar slik at bransjen får same krav.
- Klimanormene kan implementerast direkte med tilpassingar. Kan sette krav i kommuneplanen sin arealdel.
- Livssyklusen kan innarbeidast.
- Kommunane kan sette krav om å måtte gjere greie for tiltak.
- Rettleiaren til Bergen kan tilpassast og nyttast.
- Alle metodikkar har manglar – derfor viktig at kriteriesettet blir det same.
- Tilpassing til ulike kommunar må vere viktig. Byggesøknader: Kan nyttast også for mindre bygg.
- Utredning av mobilitet, behov for parkeringsareal i sentrum, f.eks. i forbindelse med fortetting av sentrum.
- Kurva for kostnader og effekt kan nyttast. Ta lærdom frå Bergen og skalere ned.
- Liknar på KPI-øvinga. Nokre relevante, andre ikkje. Dei som leverer inn byggesaker må tilpasse seg. Kan det brukast i tilbodsprosessar?
- Skalere utløysande faktorar. Definere terskel for innslag. Starte med store prosjekt. Eventuelt ta ut enkeltelement i kakediagrammet. Starte med dei viktigaste og lettaste. For eksempel arealbruk og energibruk.
- Kristiansund har allereie latt seg inspirere og tatt inn nokre av krava frå Bergen i ny KPA frå september 2023, men som bør-krav (ikkje politisk vilje til skal).
- Molde kommune har også latt seg inspirere av Bergen og stiller allereie krav om utreiing, men har ikkje krav til kva som er godt nok.

- Måleverktøyet er veldig brukarvennleg og gir eit tydeleg og visuelt bilet på korleis ein ligg an.
- Verdi i seg sjølv at ein skapar **bevisstheit** i planprosess, både for utbyggjarar og politikarar, rødt prosjekt vs grønt prosjekt. Verktøy for diskusjon, også sjølv om det ikkje blir juridiske krav.

2. Kva må forankrast politisk og korleis?

- Forankring: Start med KPS – finn den raude tråden. Nokon kommunar har kanskje allereie ei forankring her?
- Det held med forankring i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Viktig å få det inn i føresegnehøgda til arealdel. Ha det med inn i KU til arealdel.
- Variabelt delegasjonsreglement i kommunane, nokon behandler enkeltsak politisk.
- Lage prinsippsak for kommunestyret eller formannskapet – skape forståing.
- Må starte i overordna planar. Ut over lovverk -> inn i plan v/forskrift? Stor utbyggjar...Motstridande mål.
- Variabelt delegasjonsreglement i kommunane, nokon behandler enkeltsak politisk.
- Vi tenker at ein tilpassa rettleiar frå Bergen må forankrast politisk.
- Må involvere politikarane på eit tidleg tidspunkt slik at dei er informert og tek del i avgjerdene. Inkludert politisk opplæring. Viktig å få fram langsigtig økonomi, og store fordelar på lang sikt, ikkje berre økonomi i eit kort perspektiv.
- Viktig å spele inn til politikarar at klimatiltak og krav i planar også er trivselstiltak for dei som skal bu og leve i områda.
- Blir eit godt grunnlag for politisk handsaming. Måten må vere enkel og logisk. Genialt for å vere grunnlag for klimarekneskap. Lettare å få felles forståing. Komme inn i overordna planar.
- Større satsingar og prosjekt, f.eks. tettstad-prosjekter, økonomi til å gjennomføre tiltak, føresegner i kommuneplan som pålegg utredningskrav i planarbeid og byggesak.
- Jamfør PAKT på Sunnmøre. Kan vere ein knagg her.
- Kan dette vere løysing for å nå klimamåla? Inkluderast i tiltak i klimabudsjett. Må settast av midlar i budsjett for å kunne arbeide systematisk med dette og for at det skal bli noko meir enn ei ønsketenking.

3. Korleis kan vi samarbeide om miljøkrav for plan- og bygesaker på tvers av kommunane?

- Dette må vi få til!

- Regionale fellesskap – kriterium for heile fylket? Samarbeide om å «oversette» normen og eventuelt rettleiar, med hjelp frå fylkeskommunen. Vi kan velje ut dei modulane frå rettleiarene til Bergen som passer best og lage felles rettleiar. Kan nytte arbeidsverkstadar på tvers av kommunane.
- Treng større system som er meir automatisk, kan ikkje kvile på ein person. Gjennomføringa kan bli krevjande.
- Bruke eksisterande samarbeidsorgan – FK og SF må pushe. Plannettverk, klimanettverk.... Felles mål – burde vore lovkrav. Plannettverk og klimanettverk må møtast meir.
- Sjustjerna er eit formalisert plansamarbeid og kan nyttast.
- Nordmøre interpolitiske råd, plansamarbeidet på Nordmøre. Utvikling av prosedyre, standard og metode. Erfaringsutveksling.
- Romsdal interpolitiske råd kan nyttast.
- Største utfordringa: ulik tilfang av kompetanse rundt om i kommunane. Kursing av tilsette i kommunane, verktøydeling...
- Ønsker nasjonale standardar. Må slutte å finne opp krutet i kvar kommune.
- Ikkje gløym samarbeid internt i kommunen.